

PÅMELDING TIL LANGRENNSTRENING 2013/2014 BETALING AV MEDLEMSAVGIFT OG BRUKARBETALING/ÅRSKORT 2014 Langeland ski- og fritidssenter

Det er no opna for påmelding til langrennstrening for sesongen 2013/2014 som tek til første torsdag etter haustferien.

Førde IL langrenn har no fått på plass betalingsløyising via Minidrett.no. Førde IL langrenn vil bruke løyisinga til betaling av treningsavgift (medlemsavgift), langrennsarrangement og brukarbetaling/årskort 2014 ved Langeland ski- og fritidssenter for medlemmer og føresette av medlemmer.

Det er no klart for påmelding til langrennstrening sesongen 2013/2014, betaling av trenings-/medlemsavgift 2013/2014 og brukarbetaling (årskort 2014) til Langeland- ski og fritidssenter.

Under følgjer ei kortfatta brukarretteleiing for ulike moment i Minidrett:

Registrer deg som brukar:

1. Gå til www.minidrett.no
2. Vel "Ny brukar"
3. Skriv inn e-postadresse og klikk "Bekreft"
4. Registrer data og klikk "Lagre"

Registrer familiemedlemmer slik at du kan administrere desse:

1. Logg inn
2. Vel "Min profil"
3. Registrer familiemedlemmer ved å velje "Nytt familiemedlem".

Registrer for betaling

1. Logg inn
2. Vel "Betaling"
3. Vel "Registrer for betaling"
4. Følg rettleiinga

Ved spørsmål kontakt Kundeservice på e-post: kundeservice@buypass.no eller tlf: 61135920

Påmelding og betaling:

1. Logg inn
2. Vel påmelding
3. Søk opp arrangement; Enkelt søk eller avansert
4. Klikk "Meld på" (Betaling skjer i same prosess).
5. Følg rettleiinga

Pass på at du faktisk er registrert og har betalt. Du får epost automatisk generert innan få sekund.

Brukarstøtte og hjelp: Telefon 03615 eller minidrett@idrettsforbundet.no

Påmelding til trening 2013/2014 og brukarbetaling/årskort 2014 til Langeland Ski- og fritidssenter

1. Logg på
2. Vel «Påmelding»
3. Søk opp arrangement; Bruk "Førde" som søkjeord.
4. Meld på og betal

Vi har følgjande satsar for sesongen 2013/2014

1. Medlemsavgift 1. person u 20 år kr. 600,-
2. Medlemsavgift 2. person u 20 år kr. 400,-
3. Medlemsavgift 3. person u 20 år kr. 300,-

Ved fleire barn/ungdommar enn tre; Velg Medlemsavgift 3.person u 20 år kr. 300,-.

4. Medlemsavgift 20 år og over kr. 750,-
5. Støttemedlemer kr. 100,-
6. Brukarbetaling/årskort 2014 Langeland Ski- og fritidssenter kr. 500,-
(Berre for medlemmer eller føresett t.o.m. 15. november).

Tilgang til ytingar frå Førde IL langrenn: Det er ein føresetnad at brukarbetaling for gjeldande sesong er føretatt til Langeland Ski- og Fritidssenter AS av medlem eller føresett, anten via dagskort eller årskort. I motsett fall vil Førde IL langrenn - som deleigar av Langeland Ski- og Fritidssenter AS - forbeholde seg retten til å kunne føreta motrekning via gjeldande støtteordningar som medlemskap i Førde IL langrenn gjev tilgang til.

7. Avgift Langeland Ski- og fritidssenter kr. 700,-f.o.m 18. november

(Ikkje avgjort om det vert lagt ut for betaling via Minidrett)

Vi ber om at det i tillegg og samstundes vert sendt ein e-post til langrennstrening@hotmail.no med namn og fødselsdato på medlem og namn, e-post, telefonnummer og adresse på føresette.